

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet og start med å sjå Barn og unge på nett - YouTube .
	I filmen her sa han alt ville stoppa opp viss internett slutta å eksistere. Denne illustrasjonen her viser mange, men likevel berre nokre få av dei tinga som er kopla saman gjennom internett. Peik og snakk litt om kva som er avhengig av internett for å virke, og kva som kan skje når koplingar ikkje fungerer lenger. La elevane prøve å finne ut kor mykje av det dei har rundt seg i kvardagen som er avhengig av nett for å virke. Lag gjerne ei enkel oversikt.
	Når vaksne snakkar om barn og internett er dei ofte opptatt av slike ting som bildet her illustrerer. Altså dei dumme tinga som kan skje barn som brukar internett. - Kva kan vere dumt, farleg eller vondt for barn på internett? Få fram alt frå å bli utestengt, plaga, bli freista eller lurt til å bruke pengar, at nokon kan lure deg til å gjere ting som blir vondt eller vanskeleg, og at barn kan oppleve at dei blir tatt bilde av eller filma mens dei gjer noko flaut dei ikkje vil andre skal sjå. Kva kan barn gjere for å prøve å passe seg for vonde opplevingar på nett? La elevane gjerne snakke saman om det dei har lært for å passe seg på nett. Her bør de få fram ting som: - Ikkje del personleg informasjon – namn, adresse, telefonnummer eller skule. - Ver forsiktig med bilete og video – spør alltid før du deler noko av andre. - Snakk fint til andre på nett – det som er sårt i klasserommet er også sårt på skjerm. - Svar ikkje på stygge meldingar – blokker eller gå ut av chatten. - Ikkje snakk med ukjende på nett utan at ein vaksen veit om det. - Sei frå til ein vaksen dersom noko kjennest rart, skummelt eller ubehageleg. - Ikkje trykk på alt som dukkar opp – reklame og spel kan prøve å lure deg. - Spør før du brukar pengar i spel eller appar.
Her kan de gjerne bruke opplegget Bruk Hue for lærere	
	Kvifor er det så vanskeleg å la vere å bruke appane vi likar? – Lær om algoritmar Start med desse barn nedst som held på med nettbrett. Kanskje held dei på med eit spel eller ser på filmar som ikkje kostar noko å bruke. Likevel går det pil opp til pengane. Og frå pengane går det pil opp til han som eig appen. Dei aller fleste appane vi brukar er laga av nokon fordi dei vil tene pengar på oss, ikkje for at vi skal ha det gøy. Korleis får dei til det når det er gratis å bruke dei? Om de tidlegare har snakka om dette kan elevane godt få sjå på bildet og prøve å forklare det for kvarandre, men elles vil dei truleg trenge litt hjelp.



Kva gjer algoritmar?

Alle appar er designa med algoritmar for å passe på at menneske brukar så mykje tid som mogleg på appane. For det er tida vår, og merksemda vår, som gjer at dei som lagar appane tenar pengar på dei.

Algoritmane er liksom som ein slik robot som følger med på alt vi gjer, legg merke til kva vi likar og kva vi brukar mest tid på, og så finn dei fram meir liknande innhald som dei gir oss, for å sørge for å halde oss der. Og medan vi er der ser vi også ting som nokon betalar for å vise oss. Reklame, kampanjar, influencersar, eller andre som vil påverke oss til å meine noko eller kjøpe noko. Derfor får vi meir og meir å sjå på eller gjere på i appen vår.

Kan elevane kjenne seg att i dette? Kven har opplevd at det er vanskeleg å slå av favorittappen fordi det heile tida kjem enda meir som ser gøy ut?




Korleis blir vi påverka av innhaldet vi ser?

Snakk først med elevane og prøv å kome på mange ting barn gjer på appar på nettet (for eksempel sjå gaming-videoar, sende meldingar, sjå humorvideoar, dansevideoar, teiknetutorials, dyrevideoar, sjå folk opne pakkar, spele spel) og lag ei liste over ting elevane i denne klassa gjer på appar.

Del inn i grupper og gi dei arket med gruppeoppgåva. La dei jobbe med denne litt. Elevane vil truleg kome på mange eksempel sjølv, men nokre vil kanskje trenge litt hjelp. Det vil også vere slik at nokre nettaktivitetar vil få nokre til å le, andre til å bli redde, og andre til å føle at dei ikkje er bra nok. Så det er ikkje appen (t.d. YouTube i seg sjølv som skapar følelsane, men det konkrete innhaldet i kombinasjon med personen som tek imot).

Gå igjennom saman og finn ut om der er nokre nett-aktivitetar som ser ut til å føre til meir glede og gode følelsar enn andre. Er det nettaktivitetar barn helst bør unngå fordi dei gir følelsen av å ikkje vere bra nok som ein er?



Om de har meir tid kan elevane gjerne få teikne sirkelen for korleis nokon tener pengar på favorittappen deira. Kven trur dei har funne på han, kven har laga han, kven bruker appen mest, kva gjer algoritmane der, kven reklamerer der og kven tener pengar på at dei brukar den?

Avslutt gjerne timen med å spørje elevane kva dei har lært om nettet denne timen, og kva dei vil prøve å huske etterpå.